

## **Årsmelding for Ostereidet Pensjonistlag 2013.**

### **Styret for 2013:**

Liva Eide (leiar), Atle Kirkevik (kasserar), Kåre Eide (sekretær), Anders Skår (styremedl.), Gunnar Hosøy (styremedl.) Arnf. Hellevang (vararep.) Vendla Urdal (vararep.) Boris Kuprijanov er kyrkja sin rep. i styret. Styret har hatt 9 møte i 2013.

### **Aktivitet i 2013.**

Styret har laga til pensjonisttreff i kyrkjekjellaren kvar siste torsdag i månaden. (unntak: juni, juli, august, desember) Tema på møta har vore kåseri/foredrag om ymse samf.spørsmål, kunst og kultur, musikk- og songinnslag, loddsal, mat og kaffi, ord for kvelden. Har hatt jamnt godt frammøte med om lag 30-40 personar kvar gong. Laget skipa til vårfest 30. mai, med rømmegraut, kaffi og kaker. Det møtte omlag 60 personar. Treffet i november baud på pinnekjøl og kåseri av gateprest i Bergen – Kari Veiteberg. Inntekta av loddsalet – 3500 kr - gjekk til Kirkens Bymisjon. Dagstur til Solund 22.aug. Full buss, og endå hadde me folk på venteliste som ikkje kom med. Fantstisk tur i nydeleg ver, flink guide og dyktig sjåfør. Laget har hatt 8 pensj.treff (innkludert vårfesten) i 2013. Dagsturen kjem i tillegg.

### **Tema som har vore framme på pensjonisttreffa.**

Misjonær på Madagaskar (Britt og Nils G. Romarheim), Foredrag om Peru (Per og Astrid Byrknes), ”Då straumen kom til Nordhordland” (Johs. Fosse), Salmediktaren Elias Blix (Elsa Jordal), Eknesvågen og arbeidet der (Karstein Bjørge), Kirkens Bymisjon (Kari Veiteberg). Tore Svendsen har orientert om arbeidet i Eldrerådet.

### **Saker styret har arbeidd med.**

Planlegging og gjennomføring av pensjonisttreff, vårfest og dagstur har vore hovudaktiviteten. Laget har dessutan hjelpt til med TV-aksjonen 2013. Laget har løyvd pengar til kjøp av ny prosjektor til vising av bilete og film, dessutan kjøpt ny mikrofon. Til saman 9000 kr. Dette utstyret er no på plass. Prosjektoren eig laget i lag med Osterklang. Laget har og teke del i vask av kjøkenet i kyrkjekjellaren. Folk frå laget har også hjelpt til under kaffistunda på Ostertun.

Ostereidet 24.februar 2014

Arnf.Hellevang  
Fung. sekretær